Førsteblad



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2. Transport av høy — Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Stranda.

Emne: — Bygdelag:

Oppskr. av: Øyvind O. Eie — Gard:

(adresse): Stranda. — G.nr. — Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. For det meste.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Har konferert med Jens P. Halostad 81 år, Stranda.

SVAR

I eldre tid vart det frå stader i utmarka der det ikkje var køyrande bruka ymse transportmåtar: 1. Bering. 2 draging og 3 meising. Skulle høyet berast vart det gjennomaste bruka på staden der det vart slege anten som flathøy eller i hes. I den eldste tida vi veit om vart det nytta trebandi av vie eller bjørk. Dette for at desse treslaga var seige og brotna ikkje så lett. Dei knytte saman grannendane og la bandet på marka. Det vart bruka rive til å kjamle høyet i kjamle og la desse inn i bandet. Var høyturt 6 kjamler i kvar byr. Var det råhøy 4 kjamler. Byra vart fyra av 2 personar, gjennomaste ein kar og ei kvinne som stod på kvar si side av byra og drog i kvar sin bandende. Desse låg i kross over byra. Når byra var fyra, la beraren seg med ryggen mot byra og heldt hardt den eine enden av bandet. Den andre låg laust inn til ryggen.

7513

Kvinna stod attanfor og letta
opp undir byrda. Karen røyste seg
med bandet over aksla. Kvinna for
så rundt byrka og drog av alt som
var laust. Det måtte ingen ting
draysast ned på vegen. Dei gamle
var nøgne i så måte. Seinare
vart det nytta byrataug. Dette skul-
le vere 5 famner langt og varts
lagt dubbelt. I dei endem som
bukta var, vart det festa ei høgd



Denne var laga av eine. Emnet
gjerne så tjukt som ein manns-
finger. Når det vart bryggja ål på
garden, bruka dei å ha høgdaemnet
fram i bryggjekjelen og koka så
det vart mjukt. Så bøygde (bende)
dei emnet til høgd som ritet syner.
Feste eit band rundt krysset og heng-
de henna i ein aolnug til turkings.
Når ho var turr sette dei ein skrue
eller spikar gjennom krysset. Byra-
tauget var mykje lettre enn Veeban-
det. Tauget vart lagt på markja,
og dei 2 partane eit stykke frå
kvarandre. Over bandet vart lagt
nokre småkviste, og så høykjam-
bine oppå, gjerne ei 7-8 kjambe. Kvin-
na kjambde og mannen la inni. Det
måtte passast på så det kom mest
inn til ryggen. Då vart det lettare
å bere byra. Når det var ilagt nok
tok mannen båe taugendane og kvin-
na høgda. Mannen smette så taugen-
dane opp gjennom høgda, ikkje ned.

7513

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Gav så kvinna eine parten, den an-
dre hadde han sjølv. No tyra dei by-
ra og rakka åt det meste dei vann.
Mannen la seg ned og hadde båe tøga
som låg rundt byra framanom ar-
mane. Kvinna lyfte opp under byra
attanfrå og mannen røyste seg.
Mannen fikk då båe tøja over skul-
derne (herdane) Dei tøgendane som
gjekk gjenom høgda heldt han jam-
naste med båe hendene såleis at
tøget låg rett over haudet # (hovudet)
Ei såvora byr vart kalla falljebyr.
Var byra lita kunne det vere tøg
berre over ei skulder. Då vart det
sagt at mannen hadde berre eine
fallje. Skulle høyet inn i ei snøgg
vende, vart det brukt eit langt tre-
band - bjørk eller vie. Dette vart lagt
ned på markja og høyet opp på.
Beraren tok i båe endane og bar på
denne måten høyet i fånganna (fanget)
Denne måten vart serleg bruka når
setrehøyet skulle inn i løa på stø-
len. Då var det stort hastverk. Den
som vart sist kunne vere viss om
at høyet kom til å minke i løa.
Stuldra fora kjyrne (kyrne) sine av
av foret til den som sist vart fer-
dig, trudde dei.
Det vart og nytta båre til høyberinga



2 berestenger med fleire tverr-
tre. Høyet vart lest opp på
og 2 mann bar. Denne måten vart
bruka når høyet skulle berast i mo-
tebakkje. Kvinnfolkja bar og mylje
i fyrklæet sitt. Jamnaste bar dei

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
7513

det saman i dungar som vart s
kolla inne.

2. Draging. Var det brattlendt i slåt-tunmarkja brukta dei å draye det ny-slegne graset på sloje. Då hogde dei seg 2 lange slagebusker - bjørk. Desse vart lagde ned på markja med eit millomrom på omkring 60 cm. På tverrs over desse la dei småkviste ein meter frå tjukkendan og attover. På slojen vart så graset lest gjerne ei 2 lyka, og ein mann drog det heile nedunder bratta til hesjane eller breieplassen.

3. Meising. Var det rettleg bratt og ulendt, vart det brukt å meise høyet. Til dette vart det nytta ei meis som var bunda av tog som eit torskegarn - 2 hólve - Den eine hólvå vart lagd ned på meiseplassen. Graset vart så lagt inni i ein stor dongje. Den andre hólvå vart lagt oppå. Meisafjeringa var eit langt tog som vart tredt frå eine meisarengjen til den andre rundt heile rengjen. 2 mann jyra meisa og „rakka åt" det meste dei kunne. Så vart så „sett av" og for med ájeleg fart ned over bratta så småskogen lurre la seg. Stundom kunne det hende ein tøgpart i meisa vart skoren av dersom meisefarten var „hart". Da sönde meisa seg og graset stod som ein „spiter" or hólvå. For omkring 40 år sidan kom eg og morbror min med ei håløy meis ned i gardan. Vi spurde bror min om



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

han ville kjøyra heime til oss: „Kjøyre ditta, det er ikkje meir enn eg skal bere dinja hallin". „Du må ta sterkaste vogna di", sa morbror. Han så gjorde. Då vi skulle velte meisa på vogna, brotna ho sund. Grannen kom med ei flunkande ny vogn og „kjøurde" meisa til oss. Då han kjøyrde av vegen og langs med ei hus, sökk „jula" med i marka like oppunder kausane. Det var 11 store råhøybyra i meisa.

4. <u>Køyring</u>. I gamle dagar bruka dei å køyre høyet på „slee". Han vart kalla både høysleen og breisleden. Megane var utan jarnskoning. Slitasjen vart difor stor. Dei bruka difor å fore på megane i underkanten. Dette vart kalla å „meibrage". Denne gjekk for seg tidt og ofte



Frå sida



sett ovanfrå.

ein slee - sleen - slea - sleane
" mei - meien, megar megane
" kjymning - kjymningin - kjymnenga kjymningane.
ei skåk skåkja skjaker - skjækine.
" rim rima rimer - rimine
" vi via viva - viane.
eit stabbetre stabbetreet stabbetre stabbetrea
" meiend meiende.

Rimane på sleden var samanbundne med viar. Lasta dei høy berre på sleden kallast det eit høylass. Ofte skøytte dei sleden att med ein „sleskøyt"



Denne var laga av treremar og eit tverrtre attarst. Dei la rimane fram på sleden såleis at han gjekk ei 80 cm attanfor sleden. Ofte skøytte dei sleden att med buskar som dei

7513

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

feste i viane. Dette vart kalla sloyge-busken og det heile slojen (ein). Så leste dei høy ikkje berre på sleden men og att på slojen. Eit savore lass kalla dei slogelass. Til fjyring av lasset vart det først nytta ei tong.




Denne vart lagd langs-etter oppå lasset. Framme og attarst vart det pålagt korte kvister. Tongsimen (ein) utanpå og under sleden og opp i turrtreet på tonga att. Så rakka dei åt og feste tongsimen i turrtre-et. Etter dette skulle mejyrongane (ein) på. Det var to tog med ei kløyd i kvart tog. På kvar side av lasset vart det pålagt to busker så lange som lasset og utanpå mejyrongane. Først då kunne lasset køyrast. Å kjaire - kjaire - kjaure kjaurst. Då slåinga av utmark slåtta og skrimmarka tok slutt for ei 20-30 år sidan vart det og slutt med dei her nemnde måtane av høytransport. No vart det nytta berre høyvogn og med same fjyringsmåte som slede og slogelasset. Var høyet langt sløyfa dei kvister og ofte mejyringane; men bruka alltid tonga og tongsimen. For ei 10-20 år tok dei til å bruke karma (ein) på vogna og leste høyet med høygaffel opp i dei.



Sidekarm. Hendekarm

På dei større gardane der dei fora øyk var det den som drog lasset. Eit øykjelass. På dei små bruka var det mannen med hjelp av dei andre i huslyden som drog lasset. Vogna var då lita og svært lett. For ei 20 år sidan tok dei til å bruke motorvins. Denne er utstyrt med kobling og ein eller to trommela med ein lang vir på kvar. Til styring for viren

7513
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

vart brûka „blekki".
Ei blåkk - blåkkja - blekke - blekkine.
På denne måten vert det køyrt rette-
leg store lass opp bratte bakkar.
For noko sidan fekk grannen ei
utanbygds rakstadeie (ei) som ikkje
hadde set denne køyremåten tidle-
gare. Då ho såg naboen i skjaken
til eit stort lass for opp ein bratt
bakke - viren såg ho ikkje - sette ho i
og ropa: „Å du store ti ditta må vere
ein sterk kar. Nei dokke må sprenge
og ta i me nå."
I den aller siste tid har somme
teke til å køyre høyet på bil
eller lest høyet på tilhengar til
motorvogn eller traktor.
Høytransport på løypestreng veit
eg ikkje om det har vore nytta
på meir enn ein gard her i bygda
På Røyr for ei 70-80 år sidan.

7513

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING